



BIR Bedrift AS  
Postboks 164  
5868 Blomsterdalen

Leikanger / Bergen, 7. mars 2019

Dykkar ref.:  
Torbjørn Salomonsen

Vår ref.(oppgi ved svar):  
2019/3170  
Sakshandsamar:  
Toril M Mullen

## Rapport etter inspeksjon ved BIR Bedrift avd. Ravnanger Kontrollnummer: 2019.095.I.FMVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*  
Torbjørn Salomonsen

*Frå Fylkesmannen i Vestland:*  
Toril M Mullen og Nina Vadøy

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved BIR Bedrift avd. Ravnanger den 14. februar 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka ingen avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

#### Merknad:

- Forsøpling med treflis utanfor gjerdet

Merknaden er nærare omtala frå side 1 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 1.

Toril M Mullen  
seniorrådgjevar

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Kopi til: Askøy kommune

# 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

## Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> BIR Bedrift AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 980277267	<b>Eigd av:</b> 980253937
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.110 Innsamling av ikke-farlig avfall	

## Kontrollert eining

<b>Namn:</b> BIR Bedrift avd. Ravnanger	<b>Anleggsnr.:</b> 1247.0146.01
<b>Kommune:</b> Askøy	<b>Fylke:</b> Hordaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Avfall - mottak, mellomlagring og sortering	
<b>Løyve gitt:</b> 7. oktober 1997	<b>Sist endra:</b> 21.10.2009

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ei særskilt oppfølging etter at verksemda fekk alvorleg avvik på tilsyn 16. oktober 2018.

Tilsynet vart gjennomført i samsvar av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Vilkår i løyvet

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

## 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fylkesmannen avdekkja ingen avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi ser difor på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

## 4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 14. februar 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventta ressursbruk må BIR Bedrift avd. Ravnanger betale eit gebyr på kr 13 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 4 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## 5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

## 6. Avvik

Vi fann ingen avvik under inspeksjonen.

## 7. Merknader

Vi ga følgjande merknad under inspeksjonen:

### Merknad:

Forsøpling utanfor gjerdet med treflis.

### Kommentarar:

Det var treflis i skråninga utanfor gjerdet, på nedsida av vegen, mellom BIR Bedrift avd. Ravnanger og porten til BIR Privat Ravnanger Gjenvinningsstasjon.

## 8. Andre tilhøve

### Fusjon med BIR Bedrift AS

Det vart opplyst at Brødrene Salomonsen AS er fusjonert med BIR Bedrift AS med verknad frå 31.12.2018.

### **Revidering av løyvet**

Vi har motteke søknad om nytt løyve frå BIR Bedrift AS til aktivitet ved anlegget.

### **Det har ikkje vore teke imot avfall sidan før jul**

Det var ikkje trevirke eller anna avfall på anlegget under tilsynet. Det vart opplyst at det ikkje har vore teke imot trevirke og anna avfall sidan før jul og at det er ikkje planlagt å ta imot avfall før søknad om nytt løyve er behandla.

## **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forureining (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen datert 7.10.1997

## **10. Informasjon til verksemda**

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Gebyr ved kontroll (TA-2608)